



Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2023/2751-3	«REF»	06.09.2023

Ber om uttale- einebustad med garasje – kollektorslange i sjø - 121/79

Kvinnherad Kommune har 23.08.2023 journalført søknad om bygging av einebustad og garasje på gbnr. 121/79.


Plangrunnlag.

Kommuneplan for Kvinnherad 2018 – arealdelen(KPA) er gjeldande framføre Reguleringsplan Uskedalen -Korsnes med plan id. 46171972001 ved motstrid.

Arealføremålet er frittliggende småhus bebyggelse i reguleringsplanen, og bustadbebyggelse i KPA. Det er sett byggegrense mot veg i reguleringsplan. Det er sett byggegense mot sjø i KPA og den fylgjer strandlina.

Kartutsnitt med kartlag reguleringsplan og KPA på. Markør på eigedomen

Utsnitt situasjonsplan med kollektorslange for sjøvarmepumpe



Om egedomen:

Eigedom på 1035m² i felt regulert til frittstående einebustader. Meste delen av feltet er ferdig utbygd.

Tiltaket:

Einestad over to høgder med frittstående garasje der samla BYA er 244m² og samla BRA er 394m². Det er søkt dispensasjon for plassering av forstøtningsmur utom byggegrensa mot veg og dispensasjon frå byggegrense mot sjø for plassering av kollektorslange for sjøvarmepumpe.

Nabovarsel:

Naboar var varsla i byggesaka. Det føreligg ingen merknader.

Landbruk:

Tiltaket kjem ikkje i strid med landbruksinteresser.

Naturmangfald:

Der tiltak rår naturmangfaldet er det etter naturmangfaldslova § 7 stilt krav om at prinsippa i §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Kommunen har undersøkt naudsynte databasar og har ikkje gjort funn av trua eller verdifulle artar, naturtypar eller biotopar i området. I tråd med § 8 skal saka vurderast etter eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Kommunen legg på bakgrunn av undersøkinga til grunn at det på staden ikkje er naturmangfald som krev nærare vurdering etter §§ 9-12.

Kulturminne:

Ingen registreringar på staden.

Klimatilpassing:

Tiltaksområde ligg ikkje innom fareområde for ras eller flaum.

Strandsone/Friluftsliv:

Tiltaket ligg ikkje innom kartlagt strandsone eller kartlagde friluftsområde.

Førebels vurdering:

Kollektorslangen vert greven ned på land, og senka til botn i sjø.

Terreng på land vert tilbakeført slik det var før tiltaket.

I KPA er arealføremålet framom egedomen på sjøsida og i sjø bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føresegn § 8.2.4 i KPA opnar for sjøleidning til varmepumpe; *«Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett, men slike tiltak skal på høyring til aktuelle fagmyndigheiter før løyve kan tildelast (jf. pbl. § 11-11 nr. 3).»*

Kystverket handsamar saka etter hamn og sjøvasslova om det vert gjeve dispensasjon.

Administrasjonen vurderer førebels at del av tiltaket, kollektorslange, ikkje treng dispensasjon. Det er krav om høyring og vi ber om uttale til saka.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Svein Marken
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:
Søknaden utan nabovarslinga, gjennomføringsplan og ansvarsrettar.